



Arkivsaknr: 2025/12331-4
Sakshandsamar: Runar Bleie Bertheussen
Avdeling: Økonomi

SAKSFRAMLEGG

Økonomiplan 2026 - 2029

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Eldreråd	
	Ungdomsråd	
	Administrasjonsutvalet	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Økonomiplan for 2026-2029 og årsbudsjett for 2026 blir vedteke, jfr. løyvingsoversikt drift §5-4.
Årsbudsjettet for 2026 blir vedteke med eit negativt netto driftsresultat på 36,9 millionar kroner og med netto driftsrammer for kommunen sine sektorar, jfr. løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd.
2. Investeringsbudsjettet for 2026 og for økonomiplanperioden 2026-2029 blir vedteke jfr. løyvingsoversikt investering etter § 5-5. Sum investeringsutgifter for 2026 vert budsjettert med 685,4 millionar kroner. Bruk av lånemidlar (utanom lån til vidareutlån) vert budsjettert med 588,3 millionar kroner. Låneopptak til investeringsprosjekta vert sett til 488 millionar kroner. Øvrig finansiering framgår av løyvingsoversikta.
I tillegg vert det budsjettert med opptak av startlån for vidareutlån i Husbanken på 100 millionar kroner i 2026 slik det framgår av løyvingsoversikt. Vidareutlån er budsjettert med 150 millionar kroner, og restbeløpet på 50 millionar kroner vert finansiert av investeringsfond knytta til Husbanklån.

Låneopptak skal skje ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 7.1.

3. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele sentralt avsett midlar til lønsauke og auke i pensjon til sektorane.

4. Eigedomsskatt

1. For skatteåret 2026 skriv Alver kommune ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §§ 2 og 3 første ledd bokstav d, «berre på næringseigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».
2. Skattesatsen er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §§ 10 og 11.
3. Eigedomsskatten skal betalast i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25.
4. Fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a) vert gjeve til følgjande type eigedommar, så langt eigedomane ikkje nyttast til kommersiell verksemd:
 - i. Fylkeskommunale skuler
 - ii. Eigedommar i kommunen tilhøyrande bedrifter for yrkesvalhemma: Aufera AS, Gløde As og KIM AS.
 - iii. Foreningar, lag og stiftingar som driv humanitær, religiøs-/livssyns-, idrettsleg og kulturell ikkje-kommersiell verksemd.
Dei eigedomane som fritaket gjeld for, går fram av lista som ligg ved økonomi- og handlingsplanen for 2026–2029. Kommunestyret vil elles vurdere å gi fritak etter same føresegn, basert på eventuelle søknader som kjem inn.

5. Eigedomsskatt 2027 - 2029

Det blir sett i gang eit arbeid med å førebu utskriving av eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen, med verknad frå 2027 (eigedomsskattelova § 3 a). Det er sett av 5 millionar kroner i 2026 til førebua oppgåver.

6. Det blir gitt ei ramme på 2 494 000 kroner til kontrollutvalet for 2026.

7. Det blir gitt eit drifts- og vedlikehaldstilskot på 29 775 000 kroner til Alver kyrkjelege fellesråd, samt eit investeringstilskot på 1 000 000 kroner for 2026. Summen inkluderer renter og avdrag på lånet til Kyrkja i Knarvik med 3 375 000 kroner.

8. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
9. Godtgjersle til ordfører er 1 214 977 kr og varaordfører 728 986 kr. Dette er i samsvar med godtgjersle til stortingsrepresentantar pr 1. mai 2025. Løna skal regulerast per mai 2026 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.
10. Kommunedirektøren får fullmakt til å konkretisere og setje i verk dei uspesifiserte innsparingstiltaka innan samfunnsutvikling.
Status for arbeidet skal rapporteras i 2. tertialrapport 2026.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i administrasjonsutvalet, ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Lenke til økonomiplan 2026 – 2029:

https://pub.framsikt.net/2026/alver/bm-2026-ok_plan_26_29_alver_kommune

Vedlegg

Søknad frå Alver kyrkjelege fellesråd om tilskott til drift og investering for 2026.pdf

Møteutskrift sak 3125 Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2026 .pdf

Eigedomar som er fritekne etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a for 2026